

Byggraad AS  
Fleslandsvegen 235A  
5258 BLOMSTERDALEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/7073 - 20/37382

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
19.06.2020

## Førebels svar med trong for opplysningar gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 428/127  
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle  
Ansvarleg sækjar: Byggraad AS

Vi viser til søknad om rammeløyve for oppføring av mur mottatt 16.03.20 . Administrasjonen var på synfaring for å gjere seg kjent med forholdet på staden den 28.05.20.

### Mottakskontroll


Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatte teikningar av mur før og etter endringa inklusiv garasjedelen skal sendast inn.
2. Gjerde på innsendte teikningar avsluttast før garasjedelen startast. Per i dag er det gjerde over garasjedelen. Kva er planen med mur ved garasjedelen? Korleis skal høgdenivåforskjell sikrast på eigen tomt ovanpå garasje?



3. Utgreiing for materialbruk skal leggjast ved.
4. Kotehøgde på terrenget, lågaste og høgaste punkta på muren skal oppgjevast på snitt-teikningar med påført koter. Eksisterande terrengnivå/fjell vist med brun farge på

fasadeteikningen nedanfor og start på muren på lågaste punktet stemmer ikkje med reelle forhold på staden. De viser minst 4 meter eksisterande fjell på teikninga:



5. Nye målsatte snitt-teikningar med koter på det lågaste og høgaste murpunktet skal sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.07.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Knut Asle Geitle

Eikåsneset 22 C

5131

NYBORG

**Mottakarar:**

Byggraad AS

Fleslandsvegen 235A

5258

BLOMSTERDALEN